



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Volda kommune

Detaljregulering for område BKB3

Trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Saka gjeld reguleringsplan for område BKB3 aust for Volda sentrum. Føremålet er oppføring av større bustad/næringsbygg der det er næringsverksemd på bakkeplan og 2. etasje og bustader oppover i etasjane. Vi fremja motsegn til planframlegget i brev av 13.11.2020, og ga ny tilbakemelding etter møte og nye dokument i brev av 19.01.2021. Vi har no mottatt ytterlegare oppdaterte plandokument.

Trekking av motsegn

Etter det vi kan sjå, viser den supplerande støyfaglege utgreiinga at ein ved tilstrekkelege bygningsmessige tiltak, nærare skildra i den støyfaglege utgreiinga, kan oppnå tilfredsstillande støytilhøve på dei mest støyutsette bustadene. Nødvendige tiltak kjem no fram av plandokumenta. Vi kan difor trekke våre motsegner av 13.11.2020.

Vi har likevel nokre merknader til føresegnene som må rettast opp.

Støy

Punkt 2.8 om innandørs støynivå skal vise til byggt teknisk forskrift (som etter pbl gir funksjonskrav med omsyn til lyd og lydtilhøve i bygningar), og ikkje til T-1442. I rettleiinga til forskrifta er det angitt at klasse C i Norsk Standard, NS 8175, er tilstrekkeleg for å tilfredsstille forskrifta. Føresegna må difor endrast på dette punktet.

Vi saknar også at rekkefølgekrava, punkt 6.4, sikrar at støyskjermingstiltaka for leikeareal og uteopphaldsareal er på plass før det blir gitt bruksløyve til bustadane som høyrer til. Dette må også sikrast gjennom føresegna.

Barn og unge

Vi er framleis uroa for tilkomsten til BLK1 og 2 i perioden då o_SV nyttast som omkøyingsveg, og om den løysinga som er skissert for å hindre villkryssing er god nok for å unngå farlege situasjonar for barn som skal krysse vegen for å komme seg til leikeplassen. Det må setjast krav til ytterlegare trafikktryggleikstiltak som i tillegg til å sluse kryssinga til ønska stad også til dømes sikrar låg fart på omkøyingsvegen.

Konklusjon

Vi kan med dette trekke våre motsegner til planframlegget, men legg samstundes til grunn at føresegnene endrast i tråd med innspela ovanfor.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

STATENS VEGVESEN MOLDE KONTORSTED	Fylkeshuset	6404	MOLDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE